

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
026/18	Formannskapet	PS	08.03.2018
020/18	Kommunestyret	PS	22.03.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/6214

Driftsmidler 2018 – Sambandet Vest AS

Vedlegg :

Epost fra Sambandet Vest AS 14.02.18_oversikt over driftsmidler 2018
Status Sambandet Vest AS
_epost 23.02Referat fra styremøtenr. 1 2018

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Lindås kommune betaler inn 91 035 kr i driftsmidler for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekkja av disposisjonsfondet.

Formannskapet - 026/18

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Lindås kommune betaler inn 91 035 kr i driftsmidler for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekkja av disposisjonsfondet.

Kommunestyret - 020/18

KO - behandling:

Framlegg frå S.Toft-V:

Lindås kommune melder seg ut av Sambandet vest AS.
Framlegget fekk 2 røyster og fall (P.Jøsendal-Sv og S.Toft-V)
Innstillinga frå formannskapet vart vedteke med 27 røyster.

KO - vedtak:

- Lindås kommune betaler inn 91 035 kr i driftsmidler for 2018 til Sambandet Vest AS, jfr vedtak frå styret i selskapet
- Driftsmidlane vert dekkja av disposisjonsfondet.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Lindås kommune har mottatt e-postar og referat frå styremøte i Sambandet Vest AS, vedr. driftsmidler for 2018 (sjå vedlegg). Styret i Sambandet Vest har i styremøte 06.02.18 lagt grunnlaget for eit driftsbudsjett for 2018, og har vedtatt at eigarane skal bidra med driftsmidler fordelt etter eigardel. Totalbudsjettet er på kr 600.000 og Lindås kommune sin del er på kr 91.035.

Styret i Sambandet Vest AS ber eigarane gjere vedtak om å bidra til driftsmidler for 2018. Vedtaka frå eigarane vil vere mandat for eigarrepresentantane på generalforsamling april 2018, i forhold til å betale inn sin del til drift 2018. Endelig driftsbudsjett vil bli vedtatt av generalforsamlinga.

Etter eigardelane blir tilskot per eigar følgjande:

Eier	andel	Tilskudd
Askøy kommune	300	124.137,-
Meland kommune	240	99.310,-
Lindås kommune	220	91.035,-
Austrheim kommune	220	91.035,-
Radøy kommune	220	91.035,-
Wimoh invest as	200	82.758,-
CCB	50	20.690,-
totalt	1450	600.000,-

Budsjettforslag 2018 for Sambandet Vest AS

SAMBANDET VEST AS		
Budsjettforslag 2018		
5330	Godtgjørelse til styre- og bedriftsforsamling	110 000,00
5400	Arbeidsgiveravgift	15 500,00
6700	Revisjons og regnskapshonorarer	50 000,00
6702	Kjøp av tjenester Askøy kommune	310 000,00
6720	Honorarer for økonomisk og juridisk bistand	80 000,00
6721	Konsulentonorar	-
6725	Nettside	10 000,00
6810	Datakostnad	5 000,00
6860	Møter, kurs, oppdatering etc.	2 000,00
7395	Øreavrunding	-
7400	Kontingenter, fradragsberett.	4 000,00
7700	Styre- og bedriftsforsamlingsmøter	5 000,00
7770	Bank og kortgebyrer	2 000,00
7798	Annen kostnad, fradragsberettiget	
8050	Annen renteinntekt	-
8150	Annen rentekostnad	
	Total	587 500,00

Driftsmidler 2017 – avklaring for Lindås

Når det gjeld driftsmidler for 2017 fekk Lindås kommune ein e-post frå daglig leiar Ivar Ådlandsvik 13.12.2017, der kommunen blei bedt om å betale kr 53.000 i driftsmidler for 2017. I e-post av 14.12.2017 fikk Lindås kommune følgjande kontramelding frå daglig leiar:

«Det er svært viktig at ingen av aksjonærene begynner med innbetalingen før de har tegnet seg for nye aksjer på ekstraordinær generalforsamling på tirsdag».

Lindås kommune har ikkje mottatt ytterligere informasjon om driftsmidler for 2017 etter dette, og har ikkje behandla ein evt. ny søknad om driftsmidler for 2017 i kommunestyret. Dersom det er behov for driftsmidler for 2017, etter at nedskrivinga av aksjekapital blei gjennomført, må Sambandet Vest synleggjøre dette. Nedskrivinga av aksjekapital vart mellom anna gjennomført for å dekke driftsrelatert tap for Sambandet vest i 2017. Administrasjonen har vore i kontakt med Sambandet Vest for å avklare om det er behov for driftsmidler for 2017, men har ikkje mottatt tilbakemelding/dokumentasjon på dette.

Tidligere saker om Sambandet Vest AS som er behandla i kommunestyret er 90/14, 24/15, 64/16 og 09/18.

Vurdering

Med bakgrunn i vedtak i kommunestyret av 15.02.2018 om nyteikning av aksjekapital og budsjettinnstilling frå styret i Sambandet Vest as, må Lindås kommune følgje opp søknad om driftsmidler til Sambandet Vest for 2018. Driftsmidler for 2018 utgjør for Lindås sin del 91 035 kr, og midlane blir henta frå disposisjonsfondet. Midlane vert utbetalt etter at det er mottatt faktura frå Sambandet Vest.

